



## Månadsbrev november 2019

Hugsar alle å bruka refleks? Det verkar som vaksne trur at ein ikkje treng sjå dei om dei held seg på sykkelstien, men... Plutseleg må ein kryssa vegen, så hugs vest eller anna type refleks uansett nå når det vert endå mørkare pga. vintertida.

Ungdomsskuleelevane og alle dei vaksne hadde ein fin tur til Väike-Maarja og Tallinn, og det var program frå morgon til kveld. Kva elevane meiner, kjem truleg fram i ein komande artikkel i Agder - Flekkefjord tidende, men underteikna er svært begeistra for besøket til eitt av punkta på Struves meridianboge. På SN-dagen på Sinnes var det mange ivrige og kreative elevar som vanleg, og nokre av resultatane vert nok stilte ut slik at de kan ta dei nærare i augesyn. 10.-klassingane var på besøk på Sirdal vgs og fekk innblikk i både Tippen-testen og skyteøvingane der, og 5.-7. klasse har hatt besøk frå Agder energi for å læra om el-tryggleik. Elevane på mellom- og ungdomstrinnet har gjennomført både elevsamtalar og vonleg vore med på foreldrekonferansen, medan 1.-4. gjennomfører konferansane i veke 45.

I månadsskiftet oktober/november er Ida frå Outdoor college internship-elev, dvs. ute i arbeidslivspraksis, på Sinnes skule, og 31. oktober gjorde 9.-10. klasse ein god arbeidsinnsats for ArcKenya. 10. klasse startar november med MOT-samling på Tonstad, og så har 6. klasse ansvar for morgonsamlinga 4. november om ILO. ILO er SN sin organisasjon for arbeidslivet, og arbeider med å sikra arbeidarane sine rettar verda over. ILO fyller 100 år i år, jf. åtte timars arbeidsdag, og det er 50 år sidan dei fekk Nobels fredspris. 10. klasse hospiterer på vidaregåande skule 20. november, medan begge klassane har arbeidslivstrening 21.-22.



Kulturell skulesekk blir det òg, for ungdomsskulen skal laga naturlege sjølvportrett 7. november. Saman med Phuc van Dang og Birgit Gautschi skal "elevane lage sin egen utstilling som skal omhandle en rekke spørsmål omkring forholdet vi mennesker har til naturen, og som skal henge på skolen etterpå.

Elevane arbeider i grupper og alene på verkene sine. Først skal de male portretter i A3 format, så jobber elevane i grupper og lager gjennom samtale et felles portrett i plakatformat." 13. november blir det Superwoman, ein eikvinnes førestilling/film der elevane møter stuntkvinnna Thea på Tonstad. 11.-15. november er det nordisk litteraturveke der Foreningen Norden sitt 100-års-jubileum blir markert med å lesa ein klassikar frå kvart av jubileumslanda; *Pippi holder fødselsdag* av Astrid Lindgren og *Sofies Verden* av Jostein Gaarder.

Elevane får som sagt ein god arbeidsmånad før me byrjar med julestria, men det er stadig kurs og møte for lærarane, anten det er UngData-konferanse, kommunal medarbeidarundersøking, kompetansehevingskurs i psykisk helse, BTI-møte, kurs og samling om ny overordna læreplan og fagplan eller nettverksmøte. Elles vert det elevrådsmøte 5. november og SMU- og SU-møte 28. november.

Sinnes 31.10.19, *Ase-Berit* (rektor)